

Politisk forankring og mandat for arbeidet med anskaffing av nye leide lokale for Interkommunalt arkiv Møre og Romsdal IKS - IKAMR**Dokumentinformasjon:**

Saksbehandlar: Bodil Iren Mo
E-post: postmottak@haram.kommune.no

Arkivsak: 26/2030
Journalpost: 26/19096

Behandling:

Saksnummer: Utval:
 Formannskapet
 Kommunestyret

Dato:

Kommunedirektøren si innstilling:

Haram kommune sluttar seg til at kommunen sin representant i representantskapet kan støtte vidareføring av anskaffingsprosessen for nye lokale i Ålesundsregionen i tråd med vedlagt økonomisk modell. Kommunen legg til grunn at vidare behandling skjer i representantskapet i tråd med gjeldande regelverk, og selskapsavtalen for Interkommunalt arkiv for Møre og Romsdal IKS.

Saksgang:

Saka blir lagt fram til formannskapet som innstiller til kommunestyret.

Samandrag:

Interkommunalt arkiv for Møre og Romsdal IKS (IKAMR) har behov for nye leigde lokale for å sikre tilstrekkeleg depotkapasitet, oppfylle krav i arkivregelverket og leggje til rette for ei meir føreseieleg og effektiv drift. Dagens leigeavtale går ut i 2027, depotkapasiteten er pressa, og det er risiko for mottaksstopp dersom ny løysing ikkje kjem på plass i tide.

Dei framtidige estimerte kostnadane for Haram kommune blir utrekna som eigartilskot frå kommunen til IKAMR. Eigartilskot består av kontigent basert på innbyggartall og depotleige utrekna ut frå garantihyllemeter eller faktiske deponerte mengde arkivmateriale avhengig av kva som er høgst.

Den samla estimerte årlige kostnadsbelastninga for kommunen som følge av anskaffing av nye leide lokale for Interkommunalt arkiv Møre og Romsdal IKS blir sett på som liten i forhold til alle fordelane som nye leide lokale for IKAMR gir. Krav i regelverket blir ivaretatt med at det er eit lovkrav at kommunen skal ha ordningar for langtidsbevaring av arkiv, nye godkjente lokaler for oppbevaring av arkiv, ein løyser problemet med pressa kapasitet på bevaringsinstitusjonen, leigeavtale som snart går ut for IKAMR og egne lokale for vidare drift av selskapet.

Saka blir lagd fram for å sikre politisk forankring i eigarkommunane, og gi kommunen sin representant i representantskapet eit avklart mandat til vidare behandling. Kommunestyret skal ikkje ta stilling til val av konkret bygg eller leverandør, men til om representanten kan støtte vidareføring av anskaffingsprosessen innanfor rammene som går fram av saksframlegget og vedlagt økonomisk underlag.

Saksopplysningar:

Saka gjeld politisk forankring av den vidare prosessen med å skaffe nye leigde lokale til Interkommunalt arkiv for Møre og Romsdal IKS (IKAMR), og mandat til kommunen sin representant i representantskapet. Kommunestyret skal i denne saka ikkje ta stilling til val av konkret bygg eller konkret leverandør. Det kommunestyret skal ta stilling til, er om kommunen sin representant i representantskapet skal ha mandat til å støtte vidareføring av anskaffingsprosessen innanfor rammene beskrivne i saksframlegget.

Bakgrunn

Bakgrunn for saka er at IKAMR har over tid arbeidd med å sikre eigna og godkjende lokale for verksemda. Selskapet har orientert eigarkommunane om at dagens bygningsløyising over tid har vist seg å vere lite tenleg for framtidige behov, og at det er behov for å vurdere ei ny og meir samla løyising.

Representantskapet i IKAMR behandla saka i møte 17.04.2026 i sak 05/26. Det vart då einstemmig vedteke at situasjonen er tidskritisk. I vedtaket vart det vist til at gjeldande leigeavtale går ut i juni 2027, bygget er lagt ut for sal, IKAMR har kapasitetsutfordringar og det er risiko for mottaksstopp frå slutten av 2027.

IKAMR forvaltar arkivdepotfunksjonar på vegner av eigarkommunane. Eigna og godkjende lokale er derfor ein viktig føresetnad for at eigarkommunane gjennom selskapet skal kunne ivareta krav etter arkivregelverket. IKAMR har opplyst at dagens bygningsløyising er fordelt på fleire adresser og det er manglar ved dagens lokale i høve til arkivregelverket. Det er også viktig å ha eigna lokaler for vidare drift av selskapet. Depotkapasiteten er pressa og delar av arkivmaterialet allereie er plassert i mellombelse lokale som ikkje tilfredsstiller krava i arkivregelverket. Selskapet har vidare opplyst at depotmagasina er om lag 82 prosent fulle, og at det kan oppstå mottaksstopp frå slutten av 2027 dersom ny løyising ikkje kjem på plass.

På bakgrunn av dette er det behov for å arbeide vidare med ei ny bygningsløyising som gir meir føreseielege og forsvarlege rammer for verksemda.

Det vil vere føremålstenleg at Haram kommune tek del i denne utviklinga som del av IKA Møre og Romsdal også i framtida. Det er ikkje utgreidd eit alternativ kor kommunen ikkje er del av felles arkivløyising.

Opplysningar frå IKAMR om konkurransen

IKAMR har, i tråd med vedtaket i representantskapet, lyst ut konkurranse om nye leigde lokale med tilpassingar i Ålesundsregionen. Konkurransen vart kunngjort 25.06.2026. Anskaffinga blir gjennomført som konkurranse med forhandling etter føregåande kunngjering, i to trinn; prekvalifisering av aktuelle leverandørar og tilbuds- og forhandlingsfase.

IKAMR har opplyst at anskaffinga gjeld ei samla løysing som omfattar design og prosjektering, finansiering, bygging eller ombygging, leigeavtale, og FDVUS /vaktmeistertjenester. Det er såleis ikkje tale om ordinær leige av vanlege kontorlokale, men om ei spesialtilpassa løysing for arkivdepo, kontor og driftsareal. IKAMR har opplyst at konkurransen mellom anna bygger på følgjande krav:

- lokalisering innanfor definert område i Ålesundsregionen
- samlokalisering av kontorfunksjonar og depot-/arkivfunksjonar
- særskilde miljø- og klimakrav til arkivmagasin,
- arealbehov på om lag 3 112 m², med opsjonar på om lag 674 m²
- leigeperiode på 20 år med opsjon på forlenging 5 + 5 år
- og mål om innflytting 1. mai 2027.

Om alternativ løysing

Kommunedirektøren vil peike på at eit eventuelt val om ikkje å støtte vidareføring av prosessen ikkje utan vidare inneber at kommunen dermed unngår auka kostnader. Etter det underlaget som ligg føre frå IKAMR, vil også mellombelse løysingar eller vidareføring i dagens situasjon kunne medføre auka økonomisk belastning. I brevet til eigarkommunane av 26.06.2026 opplyste IKAMR at det, uavhengig av kva mellombels løysing som eventuelt blir vald, må påreknast auka kostnader, truleg med verknad frå andre halvår 2027 og full verknad frå 2028. Styret peikte også i brevet av 07.05.2026 på at vidareføring i dagens lokale kan gi auka kostnader som følge av mellom anna behov for utbetringar for eigna lokale, marknadsleige og behov for meir areal. Kommunedirektøren vurderer derfor at saka ikkje berre gjeld om det kan kome auka kostnader, men korleis ein mogleg og venta kostnadsauke best kan handterast gjennom ei planlagd og langsiktig løysing.

Kvifor blir saka lagt fram for kommunestyret no

Bakgrunnen er at ei ny bygningsløysing kan få økonomiske konsekvensar for eigarkommunane gjennom framtidige bidrag til selskapet. Det er derfor naturleg at kommunestyret tek stilling til om kommunen sin representant skal ha mandat til å støtte vidareføring av prosessen innanfor rammene av vedlegg til saka; *økonomiske konsekvensar av nye lokale - estimert husleie og framtidig bidrag for eierkommunene* (UO).

Saka blir lagt fram no for å bidra til at kommunen sin representant møter med eit avklart mandat når saka kjem til vidare behandling i representantskapet.

IKAMR har opplyst følgjande framdriftsplan for konkurransen

Milepåle	Tidspunkt
Kunngjering	25. juni, 2026
Frist for deltaking	31. august, 2026
Melding om prekvalifisering	4. september, 2026
Tilbudsfrist	19. oktober, 2026
Forhandlingar	Veke 44–45, 2026

Siste og beste tilbod	16. november, 2026
Val av leverandør	Veke 48, 2026
Kontraktsinngåing	Veke 50, 2026
Mål for innflytting	1. mai, 2027

IKAMR har vidare varsla følgjande møtepunkt for eigarkommunane:

- Eigarmøte 1: 2. september 2026 kl. 13.00–14.00
- Eigarmøte 2: 22. oktober 2026 kl. 09.00–10.30
- Representantskapsmøte: veke 49, 2026

Kommunedirektøren legg til grunn at desse møtepunktta skal bidra til informasjon, dialog og vidare forankring i prosessen.

Kommunedirektøren legg vekt på at eigarkommunane gjennom IKAMR må kunne ivareta krav etter arkivregelverket på ein forsvarleg måte. Dersom selskapet ikkje får på plass eigna og føreseielege lokale innan nødvendig tid, vil dette kunne få konsekvensar for verksemda og for tenestene selskapet leverer til eigarkommunane.

Om myndigheit og rollefordeling i eit IKS

Om myndigheit og rollefordeling i eit IKS Interkommunalt arkiv for Møre og Romsdal IKS er eit eige rettssubjekt, jf. IKS-lova § 2. Representantskapet er selskapet sitt øvste organ, jf. IKS-lova § 7, og fastset dei overordna rammene for verksemda. Myndigheit til å forvalte selskapet ligg elles hos styret og dagleg leiar innanfor dei rammene som følger av lov, selskapsavtale og vedtak i representantskapet, jf. IKS-lova §§ 13, 14 og 16.

Kommunedirektøren legg vidare vekt på at konkurransen allereie er lyst ut, og at anskaffinga er strukturert slik at både kvalitet, kostnad og gjennomføringsevne skal vurderast. Det er lagt opp til ein prosess med prekvalifisering, forhandling og seinare forprosjektfase. Dette skal gi eit godt grunnlag for å få fram eigna og økonomisk forsvarlege løysingar.

Ved å gi representanten mandat til å støtte vidareføring av prosessen i tråd med rammene i vedlagt økonomisk modell, tek kommunen stilling til det som er nødvendig på dette tidspunktet. Kommunestyret tek ikkje stilling til val av konkret bygg eller leverandør.

Økonomiske/juridiske/andre driftsmessige og organisatoriske konsekvensar:

Økonomiske kostnader for nye lokale for IKAMR er estimert husleige og framtidige bidrag frå eigarkommunene. Endeleg kostnadsnivå vil først være kjent når tilboda i konkurransen om leigeavtale for nye lokale er klar og saka blir lagt fram for ny behandling i styret og representantskapet i IKAMR. Ny kontingent og depotleige vil få verknad frå andre halvår 2027 og med full verknad frå år 2028.

Det er fleire juridiske fordelar med anskaffing av nye leide lokale for IKAMR. For det føreste så vil nye leide lokaler for IKAMR ivareta lagtidsbevaring av arkiv for kommunen i tråd med

arkiv regelverket: "Fylkeskommunar og kommunar skal ha ordningar for langtidsbevaring av arkiva sine. Fylkeskommunar og kommunar held fram med å ha råderetten over arkiva etter overføring til ein bevaringsinstitusjon. Bevaringsinstitusjonane skal følgje arkivlova når dei løyser oppgåver i samband med langtidsbevaringa." jf. arkivlova § 14 andre ledd "Avlevering, overføring og deponering av arkiv til langtidsbevaring". For det andre så vil nye leide lokale for IKAMR ivareta krava til oppbevaring av analoge (fysiske) arkiv i tråd med arkivforskrifta "§ 10. Krav til sikring av lagringsmedium for arkiv". Til slutt så er det også viktig at selskapet har eigna lokale for vidare drift.

Haram kommune hadde i 2025 følgjande kostnader til IKA Møre og Romsdal:

Depotleige	87623,-
Kontingent	314259,-
Kontingent persornvernforordninga	113505,-
Kontingent privatarkivordninga	17959,-
Sum	533346,-

Estimerte framtidige kostnader kjem fram av vedlegget "*økonomiske konsekvenser av nye lokale - estimert husleie og framtidig bidrag for eierkommunene*" (UO).

Konklusjon med grunngiving:

Saksutgreiinga viser at det er behov for anskaffing av nye leid lokale for Interkommunalt arkiv Møre og Romsdal IKS.

Den samla framtidige estimerte årlege kostnadsbelastninga for kommunen som følge av anskaffing av nye leide lokale for Interkommunalt arkiv Møre og Romsdal IKS blir sett på som liten i forhold til alle fordelane som nye leide lokale for IKAMR gir. Lov- og forskriftskrav for ordningar for langtidsbevaring av arkiv blir ivaretatt, nye godkjente lokaler for oppbevaring av arkiv, anskaffinga løyser problemet med pressa kapasitet på bevaringsinstitusjonen og eigna lokale for vidare drift av selskapet.

Saksutgreiinga med vedlegg gir eit godt saksgrunnlag for å sikre politisk forankring til prosessen med anskaffing av nye leide lokale for Interkommunalt arkiv Møre og Romsdal IKS. Det vidare arbeidet skjer i representantskapet i Interkommunalt arkiv Møre og Romsdal IKS.

Anders Norvald Hammer
kommunedirektør

Vedlegg:

1. Dokument utarbeidde for eiga saksførebuing
2. Utgreiing frå Interkommunalt arkiv Møre og Romsdal IKS - Økonomiske konsekvenser av nye lokaler estimert husleie og framtidig bidrag fra eierkommunene (134889)

